

# **Kvartalsrapport 2011**

## **2. kvartal**

## KVARTALSRAPPORT 2. KVARTAL 2011

Kvartalsrekneskapen er sett opp etter reglane i rekneskapslova av 1998 og forskrift om årsrekneskap i bankar. Utlånsforskrifta av 2004 er nytta i samband med vurdering av utlån og garantiar.

Kvartalsrekneskapen er ikkje revidert.

### Resultatrekneskapen

Pr. 2. kvartal i 2011 har Tysnes Sparebank eit resultat etter skatt på 3,372 mill eller 0,73% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Samanlikna med same periode i 2010 er dette ein resultatnedgong på 1,437 mill.

Rentemarginen er 10,461 mill og utgjør 2,27% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Same tal for 2010 var 9,916 og 2,31%. Ein forventar lågt rentemargin vidare både som fylgje av lågt rentenivå og konkurransetilhøva på utlåns- og innskotssida.

Netto provisjonsinntekter og andre driftsinntekter er uendra i høve til same periode i 2010 medan samla kostnader ekskl. tap på utlån syner ein auke på 1,081 mill. Tal for i fjor inneheld utbetaling på om lag 0,750 mill frå Terra i samband med tilbakebetalt meirverdiavgift på datatenester. Totale driftskostnader i perioden utgjør 63,6% av sum driftsinntekter mot 57,5% (62,9% ekskl. utbet. frå Terra) for same periode i fjor.

Tap på utlån er bokført med 0,019 mill så langt i år mot 0,133 mill i fjor. Styret gjer merksam på at eit mogleg tapsengasjement er identifisert. Ein går ut frå at tilhøyrande forsikringssak er avklåra innan avlevering av kvartalsrapport pr. 30/9. Banken har ikkje hatt tap på garantiar. Banken sin kredittrisikoprofil skal vera lav/moderat.

Brutto misleghaldne engasjement (90 dagar og eldre) er auka med 2,402 mill til 4,960 mill sidan årsskiftet. Etter reglane er då heile kundens engasjement rapportert

sjølv om berre ein mindre del av det er misleghalde. Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement er i same perioden auka med 0,181 mill til 5,138 mill..

Individuelle nedskrivningar og gruppenedskrivningar er uendra sidan årsskiftet. I same tidsrom er det inntektsført 0,124 mill som renteinntekt på lån med individuell nedskrivning.

Skatt på ordinært resultat pr. 30/6 2011 er berekna til 1,175 mill.

### Balansen

Forvaltningskapitalen i Tysnes Sparebank er 947,260 mill pr. 30/6 2011. Dette er ein auke på 58,925 mill samanlikna med same periode i 2010 og ein auke på 16,955 mill sidan 31/12 2010.

Netto utlån til kundar er auka med 3,576 mill sidan årsskiftet medan innskot frå kundar er auka med 23,188 mill.

Obligasjonsbeholdninga, som i si heilhet er definert som anleggsmidlar, er redusert med 5,230 mill. sidan årsskiftet.

Ledige likvide midlar er plassert som innskot i andre bankar.

### Eigenkapital

Banken har ein eigenkapital på 88,367 mill medrekna resultat for perioden. Dette gjev ein eigenkapitalprosent på 9,32.

### Kapitaldekning

Frå og med 2008 gjeld nye reglar for kapitaldekning i samsvar med Basel II. Minstekrav til dekning herunder er 8%. Tysnes Sparebank har pr. 30/6 2011 ei kapitaldekning på 15,99% ekskl. resultat i perioden.

Uggdal, 11. august 2011  
i styret for Tysnes Sparebank

  
Lef Magne Hovland  
formann

  
Bente Raknes  
nestformann

  
Vidar Høviskeland

Merete Flakke

  
Agnethe Brekke

  
Britt Ersvær

  
Siri Berggreen  
banksjef

## Resultatrekneskap

Beløp i heile tusen			% av gj.sn.forvaltningskapital		
30.06.2011	30.06.2010	31.12.2010	30.06.2011	30.06.2010	31.12.2010
19.488	17.909	37.359			
9.027	7.993	17.004			
<b>10.461</b>	<b>9.916</b>	<b>20.355</b>	<b>2,27</b>	<b>2,31</b>	<b>2,30</b>
417	408	419	0,09	0,10	0,05
2.370	2.111	4.492	0,51	0,49	0,51
778	792	1.655	0,17	0,18	0,19
27	59	108	0,01	0,01	0,01
51	305	355	0,01	0,07	0,04
<b>2.087</b>	<b>2.091</b>	<b>3.719</b>	<b>0,45</b>	<b>0,49</b>	<b>0,42</b>
<b>12.548</b>	<b>12.007</b>	<b>24.074</b>	<b>2,72</b>	<b>2,80</b>	<b>2,72</b>
5.361	5.211	9.368	1,16	1,22	1,06
450	207	1.495	0,10	0,05	0,17
2.171	1.483	4.111	0,47	0,35	0,46
<b>7.982</b>	<b>6.901</b>	<b>14.974</b>	<b>1,73</b>	<b>1,61</b>	<b>1,69</b>
<b>4.566</b>	<b>5.106</b>	<b>9.100</b>	<b>0,99</b>	<b>1,19</b>	<b>1,03</b>
19	133	561	0,00	0,03	0,06
-	(1.136)	(1.524)	-	(0,27)	(0,17)
<b>4.547</b>	<b>6.109</b>	<b>10.063</b>	<b>0,99</b>	<b>1,43</b>	<b>1,14</b>
1.175	1.300	2.668	0,25	0,30	0,30
<b>3.372</b>	<b>4.809</b>	<b>7.395</b>	<b>0,73</b>	<b>1,12</b>	<b>0,84</b>

## Balanse

	Beløp i heile tusen		
	30.06.2011	30.06.2010	31.12.2010
<b>Eigneluter</b>	<b>947.260</b>	<b>888.335</b>	<b>930.305</b>
Kontantar og krav på sentralbankar	43.464	28.454	37.268
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar	17.582	23.127	4.968
Brutto utlån til og krav på kundar	839.057	799.587	835.581
- Nedskrivinger på utlån	9.635	9.335	9.735
Netto utlån til og krav på kundar	829.422	790.252	825.846
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir	31.078	25.253	36.308
Aksjar, partar og grunnfondsbevis	7.395	7.023	6.926
Immaterielle eigneluter	-	392	-
Varige driftsmidlar	13.046	8.846	13.495
Andre eigneluter	14	42	16
Forskotsbetalingar og opptente inntekter	5.259	4.946	5.478
<b>Sum eigneluter</b>	<b>947.260</b>	<b>888.335</b>	<b>930.305</b>
<b>Gjeld og egenkapital</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	84.000	43.000	99.048
Innskot frå og gjeld til kundar	762.271	746.995	739.083
Anna gjeld	2.935	4.248	4.220
Påkomne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	8.667	8.379	1.938
Avsetjing for påløpte kostnader og forpliktelsar	1.020	3.099	1.021
<b>Sum gjeld</b>	<b>858.893</b>	<b>805.721</b>	<b>845.310</b>
Opptent egenkapital	84.995	77.805	84.995
Udisponert overskot	3.372	4.809	
<b>Sum egenkapital</b>	<b>88.367</b>	<b>82.614</b>	<b>84.995</b>
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>	<b>947.260</b>	<b>888.335</b>	<b>930.305</b>
<b>Postar utanom balansen</b>			
Garantiar	19.784	15.290	17.439
Bokført verdi av eigneluter stilt som sikkerhet for pantegjeld o l	31.033	25.193	36.258

## Kvartalsvis resultat

	Beløp i hele tusen				
	2.kvartal	1.kvartal	4.kvartal	3.kvartal	2.kvartal
	2011	2011	2010	2010	2010
Renteinntekter og liknende inntekter	9.826	9.662	9.883	9.567	9.265
Rentekostnader og liknende kostnader	4.540	4.487	4.645	4.366	4.173
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>	<b>5.286</b>	<b>5.175</b>	<b>5.238</b>	<b>5.201</b>	<b>5.092</b>
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	384	33	-	11	377
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	1.195	1.175	1.259	1.122	1.033
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	377	401	423	440	374
Netto verdiendring og vinst(+)/tap(-) på valuta og verdipapir	16	11	20	29	41
Andre driftsinntekter	25	26	25	25	26
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	<b>1.243</b>	<b>844</b>	<b>881</b>	<b>747</b>	<b>1.103</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>6.529</b>	<b>6.019</b>	<b>6.119</b>	<b>5.948</b>	<b>6.195</b>
Løn og generelle administrasjonskostnader	2.413	2.948	3.725	432	2.605
Avskrivninger m.v. av varige driftsmidler	225	225	1.184	104	103
Andre driftskostnader	963	1.208	1.785	843	628
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>3.601</b>	<b>4.381</b>	<b>6.694</b>	<b>1.379</b>	<b>3.336</b>
<b>Resultat av ordinær drift før tap</b>	<b>2.928</b>	<b>1.638</b>	<b>(575)</b>	<b>4.569</b>	<b>2.859</b>
Tap på utlån, garantier m.v.	24	(5)	373	55	98
Vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidler	-	-	(384)	(4)	(1.136)
<b>Resultat av ordinær drift før skatt</b>	<b>2.904</b>	<b>1.643</b>	<b>(564)</b>	<b>4.518</b>	<b>3.897</b>
Skatt på ordinært resultat	725	450	68	1.300	690
<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>	<b>2.179</b>	<b>1.193</b>	<b>(632)</b>	<b>3.218</b>	<b>3.207</b>

## Noteopplysninger

	Beløp i hele tusen		
	30.06.2011	30.06.2010	31.12.2010
<b>Tapskostnad</b>			
Periodens endring i individuelle nedskrivninger	(100)	(600)	(200)
Periodens endring i nedskrivning av grupper av utlån	-	-	-
Periodens konstaterte tap på lån med tidlegare nedskrivning	100	530	530
Periodens konstaterte tap på lån uten tidlegare nedskrivning	102	242	304
Periodens inngang på tidlegare perioders konstaterte tap	(83)	(39)	(72)
<b>Periodens tapskostnader</b>	<b>19</b>	<b>133</b>	<b>562</b>
Herav periodens tap på garantier	-	-	-
<b>Endring i individuelle nedskrivninger</b>			
Individuelle nedskrivninger pr. 01.01	2.435	2.635	2.635
Periodens konstaterte tap på utlån som tidlegare er nedskrivne	(100)	(530)	(530)
Auke i nedskrivninger	-	-	-
Nye nedskrivninger	-	-	400
Tilbakeførte nedskrivninger	-	(70)	(70)
<b>Individuelle nedskrivninger ved utgangen av perioden</b>	<b>2.335</b>	<b>2.035</b>	<b>2.435</b>
Herav spesifisert tapsavsetjing garantiansvar	-	-	-
<b>Endring i gruppenedskrivninger</b>			
Gruppenedskrivninger pr. 01.01	7.300	7.300	7.300
Endring i perioden	-	-	-
<b>Gruppenedskrivninger ved utgangen av perioden</b>	<b>7.300</b>	<b>7.300</b>	<b>7.300</b>
Herav uspesifiserte tapsavsetjingar garantiansvar	-	-	-
<b>Mislighald</b>			
Brutto mislighaldne engasjement (over 90 dager)	4.960	2.786	2.558
Individuelle nedskrivninger	-	(100)	(100)
<b>Netto mislighaldne engasjement</b>	<b>4.960</b>	<b>2.686</b>	<b>2.458</b>
Tapsutsette, ikke mislighaldne engasjement	5.138	4.276	4.957
Individuelle nedskrivninger	(2.335)	(1.935)	(2.335)
<b>Netto tapsutsette, ikke mislighaldne engasjement</b>	<b>2.803</b>	<b>2.341</b>	<b>2.622</b>
<b>Kapitaldekning</b>			
Berekningsgrunnlag kapitaldekning	514.925	481.938	507.129
Netto ansvarleg kapital	82.354	74.782	82.354
Kjernekapital	82.354	74.782	82.354
Kapitaldekning i prosent (eksklusive periodens resultat i perioderekneskapen)	15,99 %	15,52 %	16,24 %